



Erling Nordanger  
Salhusvegen 22  
5131 NYBORG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1523 - 14/9243

Saksbehandlar:  
Tonje Nepstad Epland  
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:  
01.09.2014

## **Delingssak gbnr 28/6 Kvalheim nedre - søknad om deling til ny grunneigedom for heilårsbustad - avisning**

Delegasjonssak nr.:

### **Vedtak:**

**Søknaden stettar ikkje krav i plan- og bygningslova og vert å avvise med heimel i plan- og bygningslova §§ 27-1, 27-2 og 27-4.**

### **Vurdering**

Kommunen har motteke søknad om dispensasjon og deling 27.05.14. Søknadne gjeld to parsellar. Parsell 1 (naust mm.) og parsell 2 (bustadeigedom).

Søknad om frådeling til naust mm. er avslått ved vedtak i Hovudutval for plan, landbruk og teknisk den 18.06.14.

Saka som gjeld bustadeigedom har vorte handsama av landbruksstyresmakta 23.06.14. Det ligg føre løyve til omdisponering og deling etter jordlova §§ 9 og 12. Etter handsaming hjå landbrukskontoret er saka overført planavdelinga for handsaming etter plan- og bygningslova.

Planstyresmakta kan ikkje sjå at eigedomen, slik den er søkt frådelt, er sikra vegtilkomst.

Det følgjer av plan- og bygningslova § 27-4 at «*Før opprettelse eller endring av eiendom til bebyggelse eller oppføring av bygning blir godkjent, skal byggetomta enten være sikret lovlig atkomst til veg som er åpen for alminnelig ferdsel eller ved tinglyst dokument eller på annen måte være sikret vegforbindelse som kommunen godtar som tilfredsstillende. Avkjørsel fra offentlig veg må være godkjent av vedkommende vegmyndighet, jj. veglova §§ 40 til 43.*

Parsellen grenser til arealføremål LNF (landbruk, natur og friluftsliv) på alle kanter og fremføring av veg vil ha trøng for dispensasjon fra arealføremål. Det er ikke søkt dispensasjon for framføring av veg. Det er ikke vist i søknaden kor eigedomen er tenkt å få vegtilkoms, det ligg ikke føre løyve fra vegstypesmakta for avkjørsle til offentleg veg og det ligg ikke føre privatrettslege avtaler om rett til å føre veg over annan eigedom.

Eigedomen er heller ikke sikra rett til å føre fram vass- og avlaupsleidningar, jf. plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2.

Når eigedomen ikke er sikra lovleg tilkomst, og rett til å føre fram vass- og avlaupsleidningar, kan søknad om deling ikke handamast. Søknad om dispensasjon og deling vert etter dette å avvise.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

### **Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

*Det kan ikke reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b*

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt leiar teknisk forvaltning Tonje Nepstad Epland.

### **Med helsing**

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Erling Nordanger

Salhusvegen 22      5131

NYBORG